

UTVIKLING AV REHABILITERINGSTJENESTENE I MØRE OG ROMSDAL

Høringsuttale frå Hareid kommune

Samandrag

1. Hareid kommune tilrår alternativ 1.

«Fortsette med dagens organisering og oppgavedeling, men med en videreutvikling av dagens forløp»

2. Er det eit ynskje om interkommunal døgntilbod innan rehabilitering vil Hareid kommune vurdere eit slik samarbeid.

Innleiing

Hareid kommune vil fyrst takke for ei god utgreiing der ein skisserer ulike utviklings- og samhandlingsmodellar for rehabiliteringstenesta i Møre og Romsdal.

Hareid kommune si tilbakemelding tek utgangspunkt i eiga organisering av rehabiliteringstenesta, dei ulike samhandlingsmodellane som er skissert og anbefalinga som er gitt i utgreiinga. I tillegg kjem dei økonomiske vilkåra som i dag ligg til grunn for å utvikle ei berekraftig rehabiliteringsteneste.

Aktuelt

Av dei fire samarbeidsmodellane som utgreiinga skisserer er alternativ 0. og 3. ikkje å tilråde.

Alternativ 0. tek ikkje godt nok omsyn til dei helsepolitiske føringane om vidareutvikling av standardisert pasientforløp. Vidareutvikling av pasientforløp er viktig for å imøtekome dei føringane som til dømes er formidla i Nasjonal rettleiar for rehabilitering, habilitering og individuell plan og koordinering.

Alternativ 3. legg til grunn ei innovativ tilnærming der ein tek bort skiljet mellom spesialisert og kommunal rehabilitering. Slik Hareid kommune ser det er dei økonomiske forholda knytt til modellen og konsekvensen for lokal rehabilitering uavklart.

Alternativ 1. og 2. vektlegg dagens organisering og oppgavedeling innan rehabilitering. Begge alternativa har som mål å vidareutvikle det standardiserte pasientforløp. Hareid kommune støttar arbeidet med å forbetre dei identifiserte utfordringsområda i rapporten. Etablering av tverrfagleg vurderingsteam er eit godt tiltak.

Det som skil alternativa er at alternativ 2. tilrår etablering av kommunal eller interkommunale døgneiningar innan rehabilitering.

Hareid kommune har ei viktig oppgåve i det å vidareutvikle rehabiliteringstenesta ved døgnopphald (korttid), individuell oppfølging etter spesialisert-/kommunalt døgnopphald og innan kvardagsrehabilitering. Hareid kommune har ikkje stort nok pasientgrunnlag (innbyggjartall/2,5 døgnplassar) eller økonomisk handlingsrom til å etablere ei eiga døgneining innan rehabilitering.

Når det gjeld etablering av ei interkommunal døgneining for rehabilitering så er det stor usikkerheit til kostnaden ei slik løysning vil ha for Hareid kommune. Etablering av ei interkommunal døgneining handlar om berekraft innan økonomi og lokal tenesteutvikling. Hareid kommune vurderer det slik no

at ein ikkje har økonomi til å drifte både ei interkommunal døgneining og samtidig sørge for tverrfagleg tenesteutvikling lokalt.

Skal ein gå for ei interkommunal løysning krev det ei meir metodisk tilnærming, både når det gjeld økonomi og tenesteutvikling.

Konklusjon

1. Hareid tilrår alternativ 1.
2. Vert det behov for ei utgreiing om interkommunalt døgntilbod innan rehabilitering ynskjer Hareid å delta (alternativ 2).